

## TALE TIL IVAR AASEN

Dei fleste som er her i dag, kjenner til det store prosjektet til Ivar Aasen: å reise rundt i landet og samle og systematisere dialekter, for slik å kunne utforme eit felles landsmål. Det som sidan danna grunnlaget for nynorsk.

Dei fleste her veit sikkert òg mykje meir om Ivar Aasen enn eg. Men det eg har lyst til å stanse opp litt ved – og seie noko om, er noko av det som appellerer ved Ivar Aasens prosjekt. For meg. For det er eit eller anna veldig sympatisk og foreinande ved det han gjorde. Å ta utgangspunkt i måten folk faktisk snakka på – for så ut frå dette utforme et folkets språk. I grunnen er det eit veldig sosialdemokratisk prosjekt. Han ville ikkje at språk berre skulle vere ein liten overklasse til del. Han bora inn i det folkelege, for å gi folket sitt eige, munnlege språk tilbake. Eit viktig poeng ved dette, var at folk skulle få *skrive slik som dei snakka*.

Akkurat det her er grunnen til at eg òg skriv mykje på nynorsk. Det at eg kan skrive slik som eg snakkar. Det her munnlege og folkelege ved nynorsken appellerer til meg.

Eg skriv likevel på bokmål òg. Eg hadde bokmål som hovudmål i 12 år på skolen. Eg likar òg det at Noreg har ein tospråkleg kultur. Eg har aldri sett nokon bakdelar ved det at vi er tospråklege, snarare tvert imot: berre fordelar. Når eg skriv på sosiale medium, skriv eg annakvar status på bokmål og nynorsk. Eg elsker bokmål og eg elsker nynorsk. Den dagen det tospråklege blir sett til sides i skoleverket, vil eg sjå på som ein mørk dag.

Sjølv om eg hadde bokmål på skolen, vil eg likevel påstå at eg skriv *betre* på nynorsk enn på bokmål. Eg fekk for eksempel alltid betre karakterar på sidemål enn på bokmål. Da eg var 18 år, forsøkte eg å skrive mitt første manus. Ei diktsamling på bokmål. Sidan kom 7–8 forsøk på bokmål – alle grundig refuserte. Da eg forsøkte meg for første gong på nynorsk, klikka liksom noko på plass. Eg trur det var slik at eg fann ein naturleg forteljarstemme. Eg fann eit språk som låg nært dialekta mi, skriftspråket mitt blei munnleg og naturleg og kjentest ekte. Dette blei da til slutt den første boka mi, *Keeperen til Tunisia*, som kom ut i 2002 – og som også seinare blei filmatisert.

Sidan har eg skrive mest skjønnlitteratur på nynorsk, litt på bokmål. Framleis vil eg påstå at eg skriv best på nynorsk. Fordi eg finn ein naturleg stemme i nynorsken. Det er ganske enkelt mitt språk.

I dag tar dei fleste for gitt at ein kan velje sitt skriftspråk i landet. Slik har det jo ikkje alltid vore, men den vi kan takke for at det faktisk er slik – er jo nettopp naturlegvis Ivar Aasen. Det er Ivar Aasen si fortjeneste at vi i dag kan velje å skrive slik som vi snakkar, å velje det som kjennest nært og ekte og naturleg for oss.

Tusen takk til Ivar Aasen for det.